



Ski. skisko, skøyter, sportskle og mykje meir kan seljast, kjøpast eller bytast på Brukthandelen.

Med det flotte vinterveret som vi har fått, er det nok mange som har behov for å skifta ut sportsutstyr. For nokre månader sidan lanserte idrettslaget eit nytt godt tilbod, - Brukthandelen. Dersom dette vert brukt, vil det vere til stor glede for mange.

Det er nok mange som har godt sportsutstyr heime, som kanskje er blitt for smått i storleik. Ofte er det like godt som nytt. Ved å bruka Brukthandelen kan mykje godt utstyr skifte eigar. Sjølv sagt er det også god økonomi i gjenbruk.

De finn gode instruksjonar om bruk av Brukthandelen på idrettslaget si nettside, og de kjem direkte inn ved å klikke på denne lenkja: <http://www.uskedalil.no/uil/Brukthandelen/cid/33531/>

Vår oppfordring er: Støtt opp om dette gode tiltaket! Di fleire som brukar det, di betre vert det!

Tekst og nett: Thor Inge Døssland.